

Jens Johan Hyvik og Stephen J. Walton (red.)

# 'Der var ruskut å leggja utpå'

Ti år med mastergraden i nynorsk skriftkultur



---

NOVUS FORLAG  
OSLO – 2013

© Novus AS 2013.

ISBN 978-82-7099-716-9

Boka er utgitt med støtte frå Ivar Aasen-instituttet, Høgskulen i Volda

Artiklane i boka er vurderte av fagfelle, med unntak av dei som har vore publiserte tidlegare (dvs. artiklane til Angell, Burgess, Hide og Skirbekk).

Omslag : Geir Røsset

Omslagsillustrasjon: © Joachim Angeltun, iStockphoto.com

Det må ikkje kopierast frå denne boka utover det som er tillate etter *Lov om opphavsrett til åndsverk, Lov om rett til fotografi* og *Avtale mellom staten og rettighetshavernes organisasjoner om kopiering av opphavsrettslig beskyttet verk i undervisningsøyemed.*

## *Oddmund L. Hoel – Innleiing*

Artikkelen er ein lett revidert versjon av prøveførelesinga mi for ph.d.-graden i historie ved NTNU 20. november 2009. Det oppgjevne emnet for førelesinga var ”Mål og maskulinitet. Kjønnsperspektiv på målsaka som ideologisk, kulturelt, språkleg og organisatorisk fenomen 1885–1940”.

Doktoravhandlinga mi hadde tittelen *Målreising og modernisering i Noreg 1885–1940*. Her er rett nok ein del målvinner og nokre viktige kvinnepolitiske saker (som røysteretten) nemnde, men avhandlinga har på ingen måte noko som kan kallast eit kjønnsperspektiv. Dermed kan ein trygt seia at eg fekk som fortent av komiteen då emnet for prøveførelesinga kom. Dette vart eit framifrå høve for meg både til å setja meg inn i den nyare kjønnshistoriske forskingstradisjonen og det arbeidet som er gjort om kvinner og kjønnsdimensionar i målreisinga og norskdomsrørsla. Det er eit felt det vert undervist i på masterstudiet i nynorsk skriftkultur, og som det er å vona at folk i miljøet kring Ivar Aasen-instituttet framover kan leggja ned ein større forskingsinnsats på. Ikkje minst den ferske Hulda Garborg-biografien til Arnhild Skre viser kva for eit viktig og spanande stoff som ligg her og ventar.

Ei humoristisk side av det heile var at eit av dei viktigaste forskingsarbeida på feltet er gjort av kona mi, og det tviler eg kanskje på at komiteen visste då dei klekka ut emnet for prøveførelesinga. Eli Bjørhusdal skal såleis ha takk for verdfull hjelp og kommentarar i arbeidet med prøveførelesinga. Rettleiar Ola Svein Stugu, Trond Erlien, Ottar Grepstad og Jens Johan Hyvik skal sameleis ha stor takk for at dei tok seg tid til å lesa manuskriptet og koma med nyttige kommentarar og innspel.



# Eit maskulint prosjekt? Kjønnsperspektiv på målreisinga 1885–1940

*Oddmund L. Hoel*

I juni 1929 vart det halde ei privat folkerøysting i Kristiansund om namnevalet *Kristiansund–Fosna*. Den leiande målavisa *Den 17de Mai* i Oslo oppsummerte tapet med ei overskrift som sa det meste: ”Ei kjerring-røysting!”.<sup>1</sup>

Lista med døme på utsegner som me i dag ville rekna som utilslørt mannssjåvinisme, kunne gjerast uendeleg lang om me tok føre oss målreisinga mellom 1885 og 1940 frå eit slikt perspektiv. Dominansen av *menn* i målrørsla er tilsvarende sterk. Slik sett er det fort gjort å slå fast at målsaka og målrørsla 1885–1940 *sjølv sagt* var kjønna, og *sjølv sagt* var eit maskulint fenomen.

Meir interessant er likevel spørsmålet om målsaka var kjønna på *ein annan måte* enn samfunnet elles, og ikkje minst: om det kan sporast *endringar* gjennom det halve hundreåret frå 1880-åra til andre verdskrigen. Som utgangspunkt vil eg ta eit raskt blikk på den kvinne- og kjønnshistoriske forskingstradisjonen med vekt på korleis målsaka og norskdomsrørsla er handsama der.

## Frå kvinnehistorie til kjønnshistorie

Etableringa av den kvinnehistoriske forskinga var eit ektefødd barn av 70-talsfeminismen. Sentralt i det kvinnehistoriske programmet stod kritikken av den etablerte mannsdominerte historieskrivinga og synleggjering av kvinnene si rolle i historia. Historia var ”his-story”, no skulle ”her-story” skrivast, som Joan W. Scott har formulert det.<sup>2</sup> Det vart grave fram mykje dokumentasjon om kvinner, og forskinga bidrog til ei viss omgrepsutvikling i historiefaget, oppsummerer Gro Hagemann i eit tilbakeblikk (2003). Eit norsk hovudverk i denne synleggjeringstradisjonen er *Kvinnenes kulturhistorie* (1985–89).

Forskinga på målrørsla si historie har vore gjennom den same utviklinga. I hovudoppgåva si om Hulda Garborg frå 1984 peika Liv Heskstad på at Garborg,

1. *Den 17de Mai*, 19.6.1929.

2. Her etter Gro Hagemann, *Feminisme og historieskriving. Inntrykk fra en reise*. Oslo 2003: 30.

som alle andre målkvinner, var fråverande i lagssogene til Noregs mållag og Noregs ungdomslag.<sup>3</sup> Det er elles særleg frå dei litteraturfaglege miljøa det har kome arbeid som har synleggjort målkvinnene – eit godt døme er antologien *Kvinner i nynorsk prosa* (1980).<sup>4</sup>

Retninga vart likevel raskt kritisert for ikkje å utgjera ei verkeleg utfordring mot konvensjonell historie, og dei kvinnehistoriske forskingsmiljøa inntok ein sjølvkritisk posisjon til sitt eige pionérarbeid. Spissformuleringa av kritikken har vore at ein skriv den same historia, berre med kvinnelege i staden for mannlige aktørar.

Den andre kvinnehistoriske hovudposisjonen var kvinnehistorie integrert i den nye sosialhistoria, noko som Hagemann framhevar som den dominerande i 1970-åras norske kvinnehistoriske forsking. Den aktørorienterte synleggjeringsforskinga vart her supplert med ei strukturorientering, og resultatet har vore mykje ny informasjon om kvinner i økonomiske og sosiale samanhengar. Veikskapen som sjølvransakinga i dei kvinnehistoriske forskingsmiljøa raskt munna ut i, var at forskinga vanta *kjønn* som forklaringsvariabel. Kjønnsskilnader vart i materialistisk sosialhistorisk forsking forklart med reint økonomiske variablar medan kulturelt definerte kjønnsskilnader ikkje fekk nokon plass i analysen.

Men så såg ein lyset: ”I ettertidens lys kan 1980-årenes språklige vending nesten fortone seg som en slags vekkelse,” skreiv Gro Hagemann i 2003 – ”vi var ganske mange som opplevde dette som et vendepunkt i våre forskerliv.”<sup>5</sup> Poststrukturalismen vart ein analytisk reiskap i hendene på dei tidlegare kvinnehistorieforskarane, som no definerte feltet sitt som kjønnshistorie. Eintydigheita som hadde prega syntesane og forklaringane i 1970-åras kvinnehistoriske forsking, vart avløyst av dilemma, paradoks og dekonstruksjon av tidlegare forklaringar. Som det er formulert i innleiinga til grunnboka *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* (1999), har det stått sentralt å ”analyser hvordan forstålser av kjønn skapes gjennom historiske prosesser, hvordan kulturelle forestillinger om kjønn preger så vel språk og symboler som sosiale strukturer og levd liv.”<sup>6</sup> Joan W. Scott sa det i 1988 slik at det òg var snakk om eit arbeid med å avdekkja og avsløra ”the often silent and hidden operations of gender that are nonetheless present and defining forces in the organization of most societies.”<sup>7</sup> Det vart no relevant å undersøkja kva kjønn hadde å seia i høve til fenomen som stat, nasjonalisme, forsvarspolitikk og alle

3. Liv Heidrun Skaar Heskestad, *Hulda Garborgs kulturelle arbeid innan norskdomsrørsla med vekt på kvinnesyn*, Bergen 1984.

4. Inger Lise Breivik (red.), *Kvinner i nynorsk prosa*, Oslo 1980.

5. Hagemann 2003: 17.

6. Ida Blom og Sølvi Sogner (red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*, Oslo 1999: 13.

7. Scott, her etter Ida Blom, ”Politikk og kjønn – nasjonalisme, forsvars-politikk og demokrati omkring 1900,” i *Fra kvinnehistorie til kjønnshistorie? Rapport 3*, Oslo 1994: 50.

typar institusjonsbygging. Endringa frå kvinne- til kjønnsperspektiv har gjort det mogleg og relevant å spørja om staten, nasjonsbygginga eller til dømes målsaka er *kjønna* eller *maskuline* fenomen.

## Kvinnesak og norskdom som antagonisme

Då er me framme ved emnet som skal handsamast her, men samstundes er me berre komne til 1994. Når eg så langt har bygt mykje på Gro Hagemann, er det ikkje berre fordi ho er ei av dei store i norsk kjønnshistorisk forsking, men òg fordi ho i 1994 kom med eit arbeid som går rett inn i kjernen av dagens emne. "Kvinnesak og norskdom" var tittelen på føredraget ho heldt på seminaret til Den norske historiske forening i 1994, prenta same år.<sup>8</sup>

Med bakgrunn i forskinga si på lærarane meiner Hagemann å sjå ein klar antagonisme mellom norskdom og kvinnnesak i lærarrørsla. Vestlandslærarane, som var målmenn, hadde liten sans for kvinnekrava til bylærarinnene, som var riks-målskvinner (som Ragna Nielsen). Var denne antagonismen tilfeldig? Neppe, svarer Hagemann, for det var "ikke [enkelt] å finne de kvinner som forente et engasjement for den folkelige nasjonalismen med et kvinneskengasjement." Berre to slike kvinner kjem i synsfeltet til Hagemann, Aasta Hansteen og Hulda Garborg, og av dei vart det berre Garborg som "integrerte dobbeltengasjementet [for kvinnesak og norskdom] i et samlende samfunnssyn."<sup>9</sup>

Hulda Garborgs store arbeid for norskdomsrørsla kan oppsummerast i nokre få stikkord: Ein stor skjønn- og faglitterær forfattarskap, introduksjonen av færøysk folkedans som norsk 'leikarring' i 1902, og framfor alt skipinga av Det Norske Teatret som opna i 1913. Kjønnspolitisk stod Hulda Garborg i ein klar skilnadsfeministisk tradisjon. Som ho uttrykte det i eit brev i 1904, ynskte ho "at faa sagt en Del Sandheder til Kvindesagskvinderne og Kvindeforagterne."<sup>10</sup> Skilnadsfeministane kravde større rom og godtaking i samfunnet for det som vart rekna som typisk kvinneleg eigenskapar og dygder, og dei stod i artikulert opposisjon til den likskapsfeministiske hovudstraumen i kvinnerørsla kring hundreårsskiftet. Sentrale krav i denne tradisjonen var fullt tilgjenge for kvinner på line med menn på alle felt i samfunnet, anten det var snakk om det politiske livet (røysterett), organisasjonsliv eller yrkesliv (tilgjenge til yrke).

Kvinner skulle ikkje opphøyra å vera kvinner, meinte Hulda Garborg, tvert om skulle dei utvikla kvinnelegheita si endå meir einsidig og gjennomført. Ho var

8. Gro Hagemann, "Kvinnesak og norskdom," i *Nasjonal identitet og nasjonalisme. Innlegg på HiFo-seminaret i Farsund 11.–13. mars 1994*, Oslo 1994: 58–70.

9. Hagemann 1994: 65.

10. Her etter Arnhild Skre, *Hulda Garborg. Nasjonal strateg*, Oslo 2011: 377.

ein sterk motstandar av fellesundervisning for jenter og gutar i skulen, som ho var redd ville villeia jentene til å tru at dei hadde same plikter og oppgåver i samfunnet som gutane. Idealet var den sterke, vakre og staute fiskar- eller bondekona, og framtidsvona låg meir generelt i ei foredling av det tradisjonelle bondesamfunnet. I det sentrale kvinnepolitiske verket *Kvinden skabt af Manden* (1904) slo ho fast at ”Kvinden skal ikke frigjøres fra sig selv og blive Mand, men hjælpes til at blive endnu helere, stærkere og ensidigere, end hun nu er, saasandt Kjærligheden er livets Sol og Dug.”<sup>11</sup> Ho meinte kvinna stod *over* mannen fordi kvinna var nærmare livet, oppsummerer Arnhild Skre som med den nye Hulda Garborg-biografien ikkje har rokka ved det grunnleggjande biletet av Hulda som skilnadsfeminist, men tilført dette biletet fleire dimensjonar og ei verdfull kontekstualisering.

I Gro Hagemanns meir eindimensjonale analyse vert nasjonalismen til Hulda Garborg definert av ”anti-modernisme og anti-feminisme”, og ut frå dette generaliserer Hagemann: ”Norskdomsrørsla baserte .... sin selvforståelse på en rural levemåte og en familieøkonomi der kjønnsarbeidsdelen var en helt sentral bærebjelke.”<sup>12</sup> Kort sagt: Den moderne kvinneemansipasjonen og den folkelege nasjonalismen i norskdomsrørsla var ein antagonisme. Hagemann tek det etterhaldet at ho er i oppstarten på eit forskingsprosjekt – som aldri vart gjennomført. Ho skriv at ho ”vil tillate [seg] den typen av høytenkning man bare kan drive med når man ennå ikke vet hvor komplisert den historiske virkeligheten senere vil vise seg å være”. Ho tek òg det etterhaldet at det ”er høyst usikkert om Hulda Garborgs kvinnebilde ble en del av den folkelige nasjonalismens generelle selvforståelse.”

Ei vurdering av Hulda-resepsjonen kunne vore interessant i seg sjølv, både etter biografien til Skre og masteroppgåva til Dunja Blazevic (2009). Blazevic peikar på at Joan W. Scotts definisjon av kjønn som ein sosial og språkleg konstruksjon òg kan finnast att i kvinnesynet til Hulda Garborg når ho talar om at ”kvinners roller som mødre og elskerinner like mye [er] uttrykk for abstrakte som konkrete fenomen”.<sup>13</sup>

Hovudpoenget i det følgjande er likevel eit anna, nemleg korleis Hulda Garborgs kvinnesyn, reelt eller ikkje, har lege til grunn for å operera med ein antagonisme mellom kvinnesak og norskdom som har vore ein styrande modell for mykje av det som er skrive på feltet, både før og ikkje minst etter Hagemanns arbeid. Nokre døme: I studien *Det (ny)norske mennesket* (1985) analyserte Aslaug Nyrnes det nynorske familiebladet *For Bygd og By* som kom ut 1912–1932. I den litterære norma i bladet finn ho det nye borgarlege familieidealet klart representert, oppsummert i sitatet ”Mor og heim høyrer ihop som sol og dag”. Nyrnes tolkar dette

11. Her etter Skre 2011: 384.

12. Hagemann 1994: 69.

13. Dunja Blazevic, *Nasjonen som et hjem. En undersøkelse av Hulda Garborgs nasjons- og kvinnesyn*, Bergen 2009: 107.

som ein reaksjon mot krav frå kvinnediskriminering om kvinner sin rett til arbeid utanfor heimen.<sup>14</sup> Idar Stegane har analysert nynorsk heimstaddikting både av menn og kvinner i avhandlinga *Det nynorske skriftlivet* (1987) og hevdar der at ein finn ei merkbar dreiling *bort frå* emancipatoriske idear kring hundrearsskiftet. Stegane forklarer dette med ei generell 'avrakitalisering' av målrørsla etter hundrearsskiftet. Dette er eit interessant synspunkt me skal koma attende til. Reidun Høydal konstaterte i eit arbeid om 'vestlandslærarinna' 1995: "At feminism og likestilling vart avvist innanfor den idealistiske delen av rørsla som mellom anna Hulda Garborg stod for, synest ganske klart."<sup>15</sup> Og når Kari Melby skriv om perioden 1900–1950 i synteseverket *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* (1999/2007), vidareformidlar ho atterhaldslaust synet på norskdomsrørsla frå Hagemann sin Hulda-artikkelen.<sup>16</sup>

Kort oppsummert har to forskingstradisjonar møtt i teorien om ein antagonisme mellom norskdomb og kvinnediskriminering, på den eine sida den generelle kjønnsperspektivet og profesjonshistoriske forskinga, og på hi sida litteraturforskninga (den nynorske).

### Eit alternativt syn: bygdefeminismen

For eit drygt tiår sidan møtte teorien om ein antagonisme mellom kvinnediskriminering og norskdomb motbør. I oversynsverket *Norsk historie 1860–1914* (1999) skriv Jostein Nerbøvik at "Vi veit mindre om dei feministiske impulsane på bygdene. I nokre tilfelle er likevel signala så sterke at vi kan tale om ein *bygdefeminisme*. Norskdomsmiljøet utgjer då heilt klart jordsmonnet."<sup>17</sup>

Året etter kom så hovudoppgåva til Eli Bjørhusdal, *Målkvinne før 1900*,<sup>18</sup> som framleis er det sentrale forskingsarbeidet på feltet og naturleg nok har danna eit viktig grunnlag for mi drøfting. Konklusjonane hennar kan oppsummerast i fem punkt:

- Det er eit emancipatorisk likskapsfeministisk kvinnediskriminering som dominerer i kjeldene. "Ein eigen skilnadsfeministisk strategi med bakgrunn i mørke- og barnretorikk kan ikkje seiast å ha etablert seg som ei dominante retning i målrørsla før 1900." (s. 67)

14. Aslaug Nyrnes, *Det (ny)norske mennesket. Ein litterær analyse av familiebladet For bygd og by*, Oslo 1985: 76f.

15. Reidun Høydal, "Vestlandslærarinna – mellom norskdomb og kvinnediskriminering" i *Nasjon – region – profesjon. Vestlandslæraren 1840–1940*, Oslo 1995: 163.

16. Kari Melby i Ida Blom og Sølvi Sogner (red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*, Oslo 2005: 270f.

17. Jostein Nerbøvik, *Norsk historie 1860–1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*, Oslo 1999: 175.

18. Eli Bjørhusdal, *Målkvinne før 1900*, Volda 2001.

- Teorien om ”ei *påviseleg* avradikalisering av kvinnesynet i målrørsla” i 1890-åra vert *ikkje* underbygd i kjeldetilfanget.
- Ungdomslag og folkehøgskular var opne for jenter og arbeidde aktivt for å rekruttera dei. Gjennom folkehøgskulane hadde bygdejenter sjansen til å få seg ei *allmennfagleg* utdanning, ikkje berre ei praktisk husstellsutdanning, og folkehøgskulane var dessutan pionerar når det galdt fellesundervisning mellom gutter og jenter. Med utspring i desse miljøa, dominerte av frilynt grundtvigiansk ideologi og venstresak, etablerte det seg mange stader kvinnesaksmiljø som gjerne var minst like radikale som dei urbane – det er dokumentert både i Vest-Telemark, Nord-Trøndelag, Volda og Voss attåt fleire målkvinner andre stader.
- Det fanst sterke kvinnemiljø i målrørsla i byane, særleg Kristiania.
- Hulda Garborg var den fremste og mest profilerte målkvinna, men kvinnesynet hennar var *ikkje* representativt korkje for kvinnesynet i norskdomsrørsla allment eller synet til dei målkvinnene og målkvinnemiljøa som Bjørhusdal granska.

Dermed var siste ordet sagt – så langt. Bortsett frå ein del mindre arbeid kring Garborg-jubileet i 2001 og unionsmarkeringa i 2005 har eg *ikkje* registrert nyare forskingsarbeid som har gått vidare inn på emnet før Blazevic si masteroppgåve og Skre sin biografi om Hulda Garborg i 2009/2011. Det er såleis på høg tid å prøva om desse resultata framleis står seg, og *ikkje* minst: i kva grad dei kan generaliserast til heile perioden 1885–1940.

Her har me eit empirisk problem. For perioden 1900 til 1940 finst ingen større kvinne- eller kjønnshistoriske forskingsarbeid om norskdomsrørsla. Når ein ser kva Bjørhusdal fann på 1800-talet i lys av det ein tidlegare *trudde* om feltet, er det gode grunnar til å uttala seg lite skråsikkert om 1900-talet. I staden for å dra bastante konklusjonar, vert ei hovudsak med den følgjande drøftinga heller å dra fram nokre tema som burde vera aktuelle forskingsinngangar til feltet. Her kan den generelle norske kjønnshistoriske forskinga by på mykje nyttig kontekstkunnskap, og det kan òg vera inspirasjon å finna i den internasjonale teoretiske litteraturen.

I valet mellom fleire moglege innfallsvinklar konsentrerer eg meg i framhaldet om tre: Militariseringa av målsaka, den nynorske husmorideologien og kjønnsperspektiv på målorganisasjonane.

### Militariseringa av målsaka i eit kjønnspolitisk perspektiv

1980- og særleg 90-åra kunne by på ei ny og sterk forskarinteresse for nasjonalisme og nasjonal identitet, men her vart *ikkje* kjønn utan vidare rekna som relevant. I

dei sentrale teoriverka sine på 1980-talet rekna både Ernest Gellner (1983) og Anthony D. Smith (1983) nasjonen som ein kjønnsfri sone. Nasjonen var for dei ei sosial gruppe som intenderte einskap og samhald kulturelt og politisk, uavhengig av kjønn.

Særlig frå slutten av 1980-åra har den kjønnsblinde nasjonalismeforskinga vorte utfordra. Den britiske sosiologen og kjønnsforskaren Sylvia Walby har i oversynsartikkelen "Gender Approaches to Nations and Nationalism" (2006) identifisert fleire retningar som me eit stykke på veg kan kjenna att frå gjennomgangen av norsk kvinne- og kjønnshistorisk forsking.

Både Walby og mange andre dreg fram graden av militarisme og væpna konfliktar som ein viktig variabel som påverkar det ho kallar 'kjønnsregimet' i eit samfunn. Innanfor norsk kjønnshistorieforskning har Ida Blom gått inn på tilhovet mellom kjønn, nasjon og militærpolitikk i fleire arbeid frå tidleg i 1990-åra. Blom erklærer at ho er inspirert av Joan Scott og poststrukturalistisk kjønnshistorieforskning, og arbeida kan reknast som typiske for det Walby kallar "early writings" om kjønn og nasjon.

Den militærpolitiske raptusen til målrørsla frå 1880-åra til fyrste verdskrigen er etter måten grundig utgreidd i avhandlinga mi. Hovudpoenga kort oppsummert: Det går ei tydeleg line frå folkevæpningsrørsla i forfatningsstriden i 1880-åra gjennom opprustinga mot Sverige frå midten av 1890-åra og til karlstadopposisjonen og krigstrugsmåla hausten 1905. Lina kan følgjast vidare gjennom opprustinga fram mot fyrste verdskrigen, som både i Noreg og resten av den vestlege verda vart eit tidsskilje i synet på krig og militærmakt. Me finn gjennom desse åra ein markant militærpolitisk aktivisme med militaristiske innslag både hjå målaviser som *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*, venstrepolitikarar med tilhørsle i målrørsla og målorganisasjonar som Noregs ungdomslag, Studentmållaget og Samlaget. Trippelformann i Noregs ungdomslag, Noregs mållag og Samlaget, Nikolaus Gjelsvik, peika i 1914–15 ut Arbeidarpartiet som den politiske hovudmotstandaren til norskkdomsrørsla, ikkje på grunn av målpolitikken, men på grunn av militærpolitikken.

I slike situasjonar kan ein, både etter Walby, Blom og mange andre, generelt venta å finna ei framheving av det maskuline, i somme tilfelle òg 'krigsinstinktet' hjå mannen. Kvinneidelet som vert framdyrka, er tvert om morskapen – vernet om og dyrkinga av heimen, omsorgsrolla og oppfostringa ungar, og framhevinga av 'heimen' som metafor på 'nasjonen'.

Dette finn me mange strålande illustrasjonar på i målrørsla, og eg nøyser meg med eitt: I 1904–05 nådde den militærpolitiske agitasjonen eit klimaks samstundes som norsk presse følgde den japansk-russiske krigen med argusauge. I ei artikkelrekke i *Den 17de Mai* på nyåret 1905 vart den suksessrike japanske admiralen Togo Heihachiro framheva som det store førebiletet. Togo vart som 11-åring "sett

paa eit altar og viggd til fedrelandet og sverdet ... Lat oss paa vaar maate gjera det same.”<sup>19</sup> At det her er snakk om ei verdsetjing og framdyrkning av maskuline og i mange tilfelle òg krigarske verdiar, er utanfor all rimeleg tvil. Eit interessant granskingsspørsmål hadde vore om dei stadige oppmaningane til ’ungdomen’ om å bu seg til kamp for fedrelandet, også inkluderte ein ide om at jentene skulle bli meir krigarske. I eit kjønnshistorisk perspektiv som legg til grunn at kjønn er sosialt og kulturelt betinga, vil like fullt også krigerske jenter vera eit uttrykk for maskulinisering.

Eit kjernespørsmål blir då: Gav denne maskuliniseringa seg utslag i eit ’backlash’ for likestillingspolitikken i målrørsla? Det er velkjent at Norske kvinners sanitetsforening vart skipa i 1896 som ein del av Venstre sin militære opprustingspolitikk. Føremålet var vernebuing til ein krigssituasjon – pleie av sjuke og såra, og produksjon og innkjøp av sanitetsmateriell. Formann frå 1896 til 1933 var den profilerte målkvinna Fredrikke Marie Qvam. Velkjent er òg kvinneunderskriftsaksjonen som Qvam sette i gang til støtte for unionsoppløysinga i august 1905. 280 000 kvinneunderskrifter vart samla inn på nokre få veker, og dei vart seinare eit avgjerande argument for statsborgarleg kvinnerøysterett i 1907 og 1913. Både Qvam og makkeren hennar, kvinnesaksdronninga Gina Krog, formannen i paraplyorganisasjonen Norske Kvinners Nasjonalråd, høyrdet til på den unionsradikale fløya i Venstre. Me finn òg både som glødande ”karlstadstormarar” i 1905.

Både Ida Blom og Eli Bjørhusdal skriv om dette og understrekar at ein i desse åra ikkje finn nokon antagonisme mellom kvinnesak og unionsradikalisme. Det ser òg ut til å halda stikk etter 1905. Eit raskt blikk på Anna Caspari Agerholt si framstilling av kampen om kvinnerøysteretten i Venstre etter hundreårsskiftet, tyder på at målfraksjonen i partiet kløyvde seg om lag etter dei same linene som partiet som heilskap.<sup>20</sup> Etter ein del strid programfesta Venstre i 1906 kvinnerøysteretten. Redaktør Rasmus Steinsvik i *Den 17de Mai* var skeptisk: ”Kravet um full valrett for kvendi er det etter vaart skyn for tidleg aa gaa med paa.”<sup>21</sup> Men når Agerholt skal peika på ein ”fremragende venstremann” som tala varmt for statsborgarleg kvinnerøysterett, peikar ho på Georg Stang. Han var den store helten for dei unionsradikale fløya, den fremste militaristen i partiet og etter 1905 jamvel nyfrelst målmann. Han var elles son av Anna Stang som var med på å skipa Norsk Kvinnenesaksforening i 1884.

Når Agerholt oppsummerer striden om å opna embetstillingar for kvinner, vert fleire målfolk nemnde. Oddmund Vik hadde i 1901 vore imot avgrensa kommunal kvinnerøysterett, men reiste i 1911 eit radikalt framlegg i Stortinget, som

19. Oddmund L. Hoel, *Norsk målreising. Mål og modernisering 1868–1940*, Oslo 2011: 188.

20. Det følgjande etter Anna Caspari Agerholt, *Den norske kvinnebevegelses historie. Ny utgave med innledning av Kari Skjønsberg*, Oslo 1973.

21. *Den 17de Mai*, 3.2.1906.

fall, om å opna *alle* embete unnateke statsrådsembeta for kvinner. Når Agerholt skal framheva to stortingsrepresentantar som i 1912 ville opna dei geistlege embeta for kvinner, nemner ho to målfolk: venstreveteranen Lars Liestøl og arbeidarodemokraten Olav Eftestøl. Statsråd og målmann Ivar Tveiten får æra for å ha opna kyrkjene for kvinnelege forkynnurar i 1925. Då var det alt fire år sidan den fyrste kvinnen hadde ei preike i ei norsk kyrkje, i strid med gjeldande kyrkjerett. Det var teologistudenten – og målkvinna – Marta Steinsvik i Grønland kirke (1921).<sup>22</sup>

Utan at dette er granska grundig, er inntrykket heller tydeleg: Om den miltærpolitiske aktivismen på andre vis førte til ei maskulinisering, er det lite som tyder på at dette fekk konsekvensar for haldninga til dei likestillingspolitiske kjernesørsmåla.

### Tilhøvet mellom feminism og nasjonalisme

Kva for teoretiske og metodiske konsekvensar har i så fall det? Om me går attende til Sylvia Walbys forskingsoversyn over feminism og nasjonalisme, slår ho fast at synleggjeringstradisjonen som reduserer kjønnsperspektivet til eit reint kvinneperspektiv, er utilstrekkeleg. Men samstundes les eg i artikkelen hennar òg ein tydeleg skepsis mot å setja tilhøvet mellom kjønn og nasjon på formel. Ho legg vekt på at tilhøvet mellom 'kjønnsregime' og nasjonalisme varierer sær mykje både i tid og rom. Desse 'kjønnsregima' kan spenna over heile skalaen frå at kvinnen skal halda seg i heimen og bli verdsett ut frå det ho utrettar der, og over til at ho både er tilstades og er ønskt i det offentlege livet, anten det er snakk om arbeidsliv, politisk liv eller utdanning. Ulike nasjonar og nasjonalismar har ofte ulike modellar for føretrekte kjønnsrelasjoner.<sup>23</sup> I utbodet av kjønnsideal vert spørsmålet difor kven som vert føretrekte, og kvifor.

Utan at ho sjølv tek klart stilling, brukar Walby ein god del plass på ein forskingstradisjon som ikkje er tematisert i dei norske kjønns-historiografiske framstillingane. Det er ein tradisjon som i tråd med Walbys meir generelle refleksjonar tek utgangspunkt i feminism og nasjonalisme som *uavhengige* sosiopolitiske fenomen. Kjernekjunktet i ei granskning vert då tilhøvet mellom desse fenomena. Med andre ord er det snakk om å granska korleis ulike feministiske retningar og ulike nasjonalistiske prosjekt i somme situasjonar er kompatible og andre situasjonar ikkje-kompatible fenomen. Som eit nøkkelverk i tradisjonen framhevar Walby klassikaren *Feminism and nationalism in the Third world* (1986) av den sri-

22. *Norsk biografisk leksikon*, [http://www.snl.no/.nbl\\_biografi/Marta\\_Steinsvik/utdypning](http://www.snl.no/.nbl_biografi/Marta_Steinsvik/utdypning) (oppslug 5.5.2010).

23. Sylvia Walby, "Gender approaches to nations and nationalism," i *The Sage handbook of nations and nationalism*, London 2006: 119.

langesiske statsvitaren Kumari Jayawardena. I same tradisjon står Margaret Ward sine studiar av tilhøvet mellom irsk feminism og sjølvstendestrid.

Ida Blom har i arbeida sine om kjønn og nasjon altså innteke ein sjølverklært poststrukturalistisk posisjon. Eli Bjørhusdal har i studien sin tilsvarande definert seg innanfor den klassiske kvinnehistoriske synleggeringstradisjonen. Greitt nok. Men arbeida deira er meir enn dette prega av at dei plasserer seg innanfor ein empirisk basert Jayawardena- og Ward-tradisjon. Denne tradisjonen er utvikla parallelt med og til ein viss grad i kjølvatnet av den poststrukturalistiske kjønnsforskinga. Her ligg det framleis eit stort potensiale for å kombinera ei fruktbar teoretisk tilnærming med ei empirisk orientering, både når det gjeld tilhøvet mellom kjønn og nasjonalisme, politikk og ideologiar allment, og mellom kjønn og målsaka særskilt.

### **Den nynorske husmorideologien i eit sosialhistorisk perspektiv**

Om me så vel ein sosialhistorisk innfallsvinkel – kva finn me då? Fleire forskingsarbeid hevdar som sagt at me ved inngangen til 1900-talet finn ei tydeleg konserватiv kjønnsopolitisk dreiling i norskdomsrørsla, i tydinga ei sterkare framheving av skilnadsfeminismen, og dette vert gjerne knytt til ei generell 'avradikalisering' av norskdomsrørsla.<sup>24</sup> Den prototypiske representanten for denne tradisjonen er Hulda Garborg, som vart ein offentleg person i 1890-åra og var det til ho døydde i 1934. To sentrale spørsmål vert då om Hulda Garborg er representativ, og korleis dette kvinnesynet kan tolkast.

Konklusjonen til Bjørhusdal var at Hulda Garborg sitt kvinnesyn *ikkje* var representativt for norskdomsrørsla før 1900. Når det gjeld det allmenne samfunnssynet, plasserte Hulda Garborg seg tydeleg i den moderniseringskritiske agrarnasjonalistiske sidestraumen i målrørsla, godt utanfor den venstredominerte hovudstraumen. Ho var til dømes ei av få sentrale målfolk som skrev under på skipingsoppropet for Fedrelandslaget i 1925.<sup>25</sup> Her blinkar såleis eit par varsellamper til påstanden om at kvinnesynet til Hulda Garborg skulle vera representativt for norskdomsrørsla utover på 1900-talet. Men dette er eit kvitt felt i forskinga.

At Hulda Garborg var viktig, kan ein likevel utan vidare slå fast. Ho og Karen Grude Koht var utan samanlikning dei to mest sentrale kvinnelege intellektuelle i målleiren i tiåra etter hundrearsskiftet. Ein god illustrasjon på dette er serien *Norske folkeskrifter* som Noregs ungdomslag og Studentmållaget gav ut saman frå 1902 til 1963 – i alt 96 hefte, 2/3 av dei før verdskrigen. Dei kom til dels i store

24. Avradikaliseringstesen er grundig drøfta i Hoel 2011, særleg 154ff.

25. Hoel 2011: 337. Hulda Garborg hadde ikkje seinare noko med Fedrelandslaget å gjera og vende laget ryggen (Skre 2011: 574).

opplag som vart spreidde i norskdomsrørsla. Kvinnelege forfattarar stod bak seks av hefta, fire ved Hulda Garborg og to ved Karen Grude Koht.

Korleis kan så kvinnesynet til Hulda Garborg, og langt på veg Karen Grude Koht, tolkast i lys av samtidia? Eit viktig drag i moderniseringa av samfunnet frå 1800-talet og inn på 1900-talet var skiljet mellom hushald og næringsdrift – mellom familieliv og arbeidsliv. I hushalda i bondesamfunnet var dette to sider av same sak der arbeidsdelinga mellom kvinner og menn var tydeleg, men der både deltok i arbeidsfellesskapen som garden utgjorde. Når arbeidet i det moderniserte arbeidslivet vart flytt fysisk bort frå heimen, vart resultatet ei kjønnssegregering der mennene deltok i arbeidslivet medan kvinna vart vist til familielivet. Kvinner var gjerne yrkesaktiv fram til ho gifte seg, men så var det slutt. Og i den grad kvinner deltok i arbeidslivet, var det gjennom ei tydeleg deling mellom mannsyrke og kvinneyrke. Som mellom anna Joan Scott har framheva, vart dette òg følgt av ein tenkemåte som definerte kvinnelegheit som umogleg å sameina med arbeid.<sup>26</sup> Her er opphavet til den moderne husmora og husmorideologien.

Ut av dette sprang som nemnt to liner i kvinnerørsla – den likskapsfeministiske som var dominerande frå 1880-åra, og den skilnadsfeministiske. Då skal det òg med ein gong seiast at dette ikkje alltid var diametrale motsetningar. Gro Hagemann strekar under at ”blant mange av kvinnesakens pionerer gikk likhets- og særartstenkningen hånd i hånd”<sup>27</sup> – eit godt døme er Fredrikke Marie Qvam som er ein tvitydig figur i dette biletet.

Særlig tydeleg er dette, meiner Hagemann, på eit anna felt: ”Med sin vekt på kjønnskomplementaritet og sin religiøse forankring har mange kvinnehistorikere sett filantropiske og religiøse bevegelser som motstykket til kvinneemansipasjon. I noen grad har dette bidratt til å skygge for de handlingsmulighetene som også ble åpnet i disse bevegelsene.” Både frähaldsrørsla og Frelsesarmeén ga kvinner rike mogleger og ”fostret initiativrike og selvstendige kvinner.” Kanskje var det ein av grunnane til at desse rørlene appellerte så sterkt til kvinnene, spør Hagemann. Og vidare: ”Selv den lavkirkelige pietismen kunne i enkelte saker vise seg å være støttespillere for kvinnesaken.” Dette står i *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* (1999), og ein må kunna seia at norskdomsrørsla her glimrar med fråværet ut over ei rettkomen påpeiking av at bygdefeminismen er eit lite utforska felt.

Kvinnerørsla nådde sin store historiske siger med røysteretten i 1913. Parallelt med røyserettssaka gjekk kampen for å sikra dei ugifte kvinnene eit utkome, og Elisabeth Lønnå oppsummerer at ”i løpet av de siste årene fram til 1920, så det ut til at denne oppgaven var i ferd med å løse seg på en noenlunde tilfredsstillende måte.”<sup>28</sup> Yrke etter yrke vart opna for kvinner, og eit framsteg i likelønskampen

26. Blom og Sogner (red.) 1999: 186.

27. Blom og Sogner (red.) 1999: 211.

28. Elisabeth Lønnå, *Stolthet og kvinnekamp. Norsk kvinnesaksforenings historie fra 1913*, Oslo 1996: 30f.

var fjerninga av særregulativa som slo fast lågare løn for kvinner enn menn i same stillingar. Dei emancipatoriske kvinneorganisasjonane som hadde kjempa fram dette, som Norsk Kvinnesaksforening, gjekk samstundes inn i ei nedgangstid. Andre kvinneorganisasjonar var derimot i sterk vekst. Norske Kvinners Sanitetsforening hadde i 1940 heile 130 000 medlemer fordelt på 800 lokallag. Det som i dag heiter Norges kvinne- og familieforbund, hadde òg gode tider. Opphavet var Christiania Hjemmenes Vel, skipa 1898, så kom landslaget Hjemmenes Vel i 1915, og det skifte i 1933 namn til Norges husmorforbund. Det mёнstra i 1940 30 000 medlemer fordelt på 600 lag. Den fyrste store misjonen til Hjemmenes Vel i Kristiania, som bestod av gifte heimearbeidande kvinner frå borgarskapet, var å driva ei effektiv og vellukka fagforeningsknusing mot tenestejentene som prøvde å fagorganisera seg.

Ei samfunnsmessig oppvurdering av morsrolla og kvenna si innsats i heimen går som den rauden tråden gjennom denne breie kvinnerørla etter hundreårsskiftet, ofte i skarp og uttala opposisjon til dei emancipatoriske feministane. I mellomkrigstida kom jamvel arbeidarrørla skilnadsfeministane til unnsetjing. Dei organiserte arbeidarkvinnene hadde kring hundreårsskiftet vore mellom dei mest radikale feministane. I den økonomiske krisa og arbeidsløysa etter fyrste verdskriegen innleidde derimot både Arbeidarpartiet og LO ein kamp mot ”dobbeltarbeidet”. Lønsarbeid var eit knappheitsgode som måtte rasjonerast, og då kunne ikkje både mannen og kvenna i ein husstand krevja å få arbeida. Arbeidarpartiet la ned kvinneforbundet sitt i 1923, og i slutten av 1920-åra tok arbeidarpartystyrte kommunar, som Tinn, til å seia opp kvinner dersom mannen hadde arbeid. Den omorgsfulle heimeverande husmora vart òg det store idealet i arbeidarrørla.

Det eg oppfattar som eit kjernekonsept i Hulda Garborg si verksemrd, var å omforma og tilpassa husmoridealet frå den urbane mellomklassen til ein bygde- og norskdomskontekst. Det var aktuelt fordi bygdene òg hadde ein veksande mellomklasse, av lærarar, funksjonærar og handelsfolk, og fordi moderniseringa av landbruket gradvis omforma bondekonerolla til ei husmorrolle etter kvart som arbeidsoppgåver vart flytte bort frå garden – til dømes til meieria. På bygdene var dette samstundes òg eit tradisjonsforsvar på den måten at gamle skikkar kunne takast vare på gjennom ei modernisering og tilpassing til det nye husstallet og hei-melivet.

Det er altså noko uvisst *i kva grad* kvinnesynet til den urbane intellektuelle mellomklassekvenna Hulda Garborg var representativt. Men uansett fell det inn i eit breitt kultur- og sosialhistorisk bilet som nødvendigvis òg måtte spegla seg i norskdomsrørla.

## Kjønnsperspektiv på målorganisasjonane

Om me no til slutt kastar eit blikk på målorganisasjonane – korleis er biletet der? Det er fort gjort å slå fast at dei to sentrale medlemsorganisasjonane, Noregs ungdomslag (1896) og Noregs mållag (1906) var mannsbastionar. Den fyrste kvinnen kom inn i ungdomslagsstyret i 1921. Då skal det leggjast til at Margit Brun Sletten hadde vore engasjert som kassestyrar eit tiår frå 1901. På målmannsstemna i 1906 der Noregs mållag vart skipa, finn me 6 kvinner og 131 menn (4 %). Den fyrste kvinnen kom inn i mållagsstyret i 1949. Både organisasjonane fekk dei fyrste kvinnelege leiarane sine i 1983. Ein treng neppe grundige komparative granskningar for å slå fast at desse to samskipnadene var seint ute med å sleppa til kvinner i dei mest sentrale posisjonane.

Ottar Grepstad har oppsummert dette med at ”Målkvinnene sine arenaer var så godt som alle andre enn der leiinga i Noregs Mållag var.”<sup>29</sup> Han er ein av få som har gått noko inn på dette, og lat oss då sjå på nokre andre arenaer. Når det gjeld medlemsmassen, har me ikkje statistikk over kjønnsfordeling. Heller ikkje tillitsmannsapparatet lokalt og regionalt er granska i eit kjønnsperspektiv, men når det gjeld dei største lokallaga som har gjeve ut jubileumsskrifter, er det ein overkomeleg jobb å telja. Eg har gått gjennom styrelistene for 1910 og 1935 i fem av dei største lokallaga i målrørsla, bondeungdomslaga i Oslo, Bergen, Nidaros og Stavanger, og Haugesund mållag og ungdomslag.<sup>30</sup> Samla i desse laga var det 26–27 medlemer i lagsstyra. I 1910 fann ein til saman seks kvinner, i 1935 åtte, noko som tilsvavar ein auke frå 20 til 30 prosent. Styrelista for Bondeungdomslaget Ervingen i Bergen har eg ikkje hatt for handa, men i 25-årsjubileumsskriftet som kom i 1925, er åtte av dei 25 portrettbileta av kvinner (altså 1/3).<sup>31</sup> Det er snakk om så små tal at ein skal vera varsam med å lesa nokon tendens ut av dei, men tala kan iallfall ikkje ta-kast til inntekt for ei *maskulinisering*.

Noko av det mest interessante som historiene til desse laga har å by på i eit kjønnsperspektiv, er forretningsdrifta. Det er velkjent at mange bondeungdomslag, ungdomslag og mållag dreiv og framleis delvis driv serverings- og overnattingsverksemder. Denne historia er lite granska, men Grepstad har dokumentert at ungdomslag og mållag gjennom 1900-talet sette i gang minst 212 slike ”lagsbruk”, av dei 119 kaffistover og 43 bondeheimar.<sup>32</sup> Desse bedriftene leverte gode overskot

29. Ottar Grepstad, *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*, Oslo 2006: 167.

30. Oslo: Olaf Almenningen, m.fl. (red.), ”Og byen er vår bror...” *Bondeungdomslaget i Oslo 1899–1989*, Oslo 1989; Bergen: Ivar Eskeland, *50 års saga om Bondeungdomslaget i Bergen. 1909–1959*, Bergen 1959; Trondheim: Asbjørn Hernes og Kari Bakken (red.), *Bondeungdomslaget i Nidaros gjennom 30 år. 1904–9de april–1934*, Trondheim 1934; Stavanger: BUL Stavanger, *Bondeungdomslaget gjennom 50 år. 1900–1950*, Stavanger 1950; Haugesund: Katrina Gramshaug m.fl. (red.), *Haugesund mållag. 1906–1956*, Haugesund 1956.

31. Andres Bergo, *Ervingen. 1900–1925*, Bjørgvin 1925.

32. Ottar Grepstad, *Nynorsk faktabok 2005*, Oslo 2005: tab. 13.17.

som gjekk med til å finansiera organisasjonsdrifta. I 1930-åra henta NM og NU sentralt truleg 50 % av dei samla inntektene sine frå lagsbruka, og for eigarlaga (lokallag, fylkeslag) var dei endå viktigare.<sup>33</sup> Lagsbruka vart i all hovudsak drivne med kvinnearbeidskraft, og underbetalte kvinner var med på å leggja ein viktig del av grunnlaget for overskotet. Ei anna og like interessant kjønnshistorisk side ved desse verksemndene er likevel at kvinner ikkje berre serverte, laga mat og reidde opp senger, men ofte òg sat i leiarposisjonane. Me finn her ”eit styrande kvinne-mønster”, skriv Grepstad.<sup>34</sup>

Kvinnene på kaffistovene og bondeheimane er frå éin synsvinkel (til dømes ein poststrukturalistisk) ei stadfesting av idéar om kjønnskomplementaritet og kjønnsseggering i arbeidsmarknad og organisasjonsliv. Mennene sat i styra, kvinnene dreiv butikken, som bestod av tradisjonelt kvinnelege syslar. *Bondeheimen* kan òg tolkast som ei forstørra utgåve av den borgarlege urbane heimen der den kvinnelege direktøren er motsvaret til den heimeverande kvinnna som administrerte hushaldsøkonomi og tenestejenter.

Frå ein sosialhistorisk synsvinkel er dette like fullt uttrykk for eit modernisert arbeidsliv der kvinnene *ikkje* vart verande heime, men tok seg arbeid utanfor heimen – ein god del av dei som arbeidde i lagsbruka var gifte kvinner. Når Gro Hagemann som nemnt skriv om fråhaldsrørsla og Frelsesarmeén at dei gav kvinner rike moglegheiter og ”fostret initiativrike og selvstendige kvinner,” er det rimeleg å overføra den innsikta også på norskdomsrørsla og ikkje minst på lagsbruka.

## Avslutning

Om me i varsame ordelag skal oppsummera, er den viktigaste konklusjonen at det ikkje er mykje her ein bør konkludera bastant om før det er gjort monaleg meir forsking på feltet. Eg skal likevel drista meg til ei samanfatting i fem punkt.

For det fyrste må me slå fast at målsaka og målrørsla definitivt var maskuline fenomen gjennom heile perioden. Men det er få indikasjonar på at målsaka var meir maskulin, eller kjønna på ein annan måte, enn samfunnet elles. Like fullt ville det vore eit interessant tema for vidare granskning korleis den nynorske maskuliniteten arta seg.

For det andre ser det korkje før eller etter 1900 ut til å vera grunnlag for å opera med ein antagonisme mellom feminism og kulturnasjonalismen i norskdomsrørsla, snarare tvert om.

For det tredje: Det er indikasjonar på at eit skilnadsfeministisk kvinnesyn med brodd mot dei likskapsfeministiske ideala var på frammarsj i norskdomsrørsla ut-

33. Grepstad 2006: 170.

34. Grepstad 2006: 146.

over på 1900-talet. Om det stemmer, verkar det mest rimeleg å forklara det med den generelle framveksten av husmorrørsla og husmorideologien, som i opphavet var eit urbant middelklassefenomen, og ikkje som eit uttrykk for ei intern 'avrakaliseing' av målrørsla.

I forlenginga av dette er det for det fjerde rimeleg å tru at Hulda Garborg (og Karen Grude Koht) var *meir* representative og viktigare i dette biletet utover på 1900-talet enn før hundreårsskiftet, men me har òg sett klare indikasjonar på alternative retningar og kvinnemiljø.

Og sist: Eg er open for å skifta meinung om alle desse spørsmåla, men ikkje før nokon kan presentera empirisk baserte granskinger som kjem til andre konklusjonar.

## Litteratur

- Agerholt, Anna Caspari. *Den norske kvinnebevegelses historie. Ny utgave med innledning av Kari Skjønsberg*. Oslo. 1973.
- Almenningen, Olaf, m.fl. (red.). "Og byen er vår bror..." *Bondeungdomslaget i Oslo 1899–1989*. Oslo. 1989.
- Bergo, Andres. *Ervingen. 1900–1925*. Bjørgvin. 1925.
- Bjørhusdal, Eli. *Målkvinner før 1900*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, 12. Volda. 2001.
- Blazevic, Dunja. *Nasjonen som et hjem. En undersøkelse av Hulda Garborgs nasjons- og kvinnensyn*. Masteroppgave i historie. Bergen. 2009.
- Blom, Ida. "Politikk og kjønn – nasjonalisme, forsvars-politikk og demokrati omkring 1900," i *Fra kvinnehistorie til kjønnshistorie? Rapport 3*. Oslo. 1994: 46–65.
- Blom, Ida, og Sølvi Sogner (red.). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*. Oslo. 1999.
- Blom, Ida, og Sølvi Sogner (red.). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*. Oslo. 2005.
- Breivik, Inger Lise (red.). *Kvinner i nynorsk prosa*. Oslo. 1980.
- BUL Stavanger. *Bondeungdomslaget gjennom 50 år. 1900–1950*. Stavanger. 1950.
- Eskeland, Ivar. *50 års soga om Bondeungdomslaget i Bergen. 1909–1959*. Bergen. 1959.
- Gellner, Ernst. *Nations and nationalism*. Oxford. 1983.
- Gramshaug, Katrina, m.fl. (red.). *Haugesund mållag. 1906–1956*. Haugesund. 1956.
- Grepstad, Ottar. *Nynorsk faktabok 2005*. Oslo. 2005.

- Grepstad, Ottar. *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo. 2006.
- Hagemann, Gro. "Kvinnesak og norskdom," i *Nasjonal identitet og nasjonalisme. Innlegg på HiFo-seminaret i Farsund 11.–13. mars 1994*. Oslo. 1994: 58–70.
- Hagemann, Gro. *Feminisme og historieskriving. Inntrykk fra en reise*. Oslo. 2003.
- Hernes, Asbjørn, og Kari Bakken (red.). *Bondeungdomslaget i Nidaros gjenom 30 år. 1904 – 9de april – 1934*. Trondheim. 1934.
- Heskestad, Liv Heidrun Skaar. *Hulda Garborgs kulturelle arbeid innan norskdomsrørsla med vekt på kvinnesyn*. Hovudoppgåve i nordisk. Bergen. 1984.
- Hoel, Oddmund L. *Norsk målreising. Mål og modernisering 1868–1940*. (Bd. 2). Oslo. 2011.
- Høydal, Reidun. "Vestlandslærarinna – mellom norskdom og kvinnesak?" i *Nasjon – region – profesjon. Vestlandslæraren 1840–1940*. Oslo. 1995: 155–166.
- Lønnå, Elisabeth. *Stolthet og kvinnekamp. Norsk kvinnesaksforenings historie fra 1913*. Oslo. 1996.
- Nerbøvik, Jostein. *Norsk historie 1860–1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*. Oslo. 1999.
- Nyrnes, Aslaug. *Det (ny)norske mennesket. Ein litterær analyse av familiebladet For bygd og by*. Oslo. 1985.
- Skre, Arnhild. *Hulda Garborg. Nasjonal strateg*. Oslo. 2011.
- Smith, Anthony D. *Theories of nationalism*. New York. 1983.
- Walby, Sylvia. "Gender approaches to nations and nationalism", i *The Sage handbook of nations and nationalism*. London. 2006: 118–128.